

## VEDTEKTER TIL BYGNINGSLOVA §107

### VIK KOMMUNE

I heile kommunen gjeld at skilt, reklamearrangement o.l ikkje kan setjast opp utan etter samtykke frå bygningsrådet.

Ved handsaming i bygningsrådet gjeld §§94 og 95 tilsvarende. I bustadområde er reklamearrangement ikkje tillatt.

Ved handsaming av søknader om skilt og reklamearrangement gjeld desse generelle retningslinene:

**1:**Skilt skal vera samstemde med fasaden på bygget. Fargar og hovudoppdeling av fasaden på bygget og nabobygga skal respekterast.

**2:**Skilt skal vera lett lesbare utan at dette skal fremje større skilt. Tekst skal vera på nynorsk.

**3:**For dei verksemdene der dette høver tilrår bygningsrådet at budskapen vert framheva ved bruk av eit enkelt symbol knytt til næringa/handverket.

**4:**Skilt skal plasserast på huset sin hovudfasade i tilknytning til dør eller vindaug.

Skilt skal tilstrebast plasserte i etasjeskiljet mellom 1. og 2 etg. utan å koma i konflikt med gesims eller annan fasadeutsmykning. Skilt skal ikkje vera samanhangande over heile bygnings-/forretningsfasaden.

**5:**Bygningsrådet vil sjå særleg positivt på tradisjonelle uthengande skilt og skiltmåling direkte på fasadekledning.

#### **Uthengsskilt:**

Uthengsskilt skal av omsyn til sikt og ferdsel plasserast tilstrekkeleg høgt på fasaden. Bygningsrådet tilrår slike skilt montert på svingbar arm. Uthengsskilt skal maksimalt stikka 1,0 m ut frå fasaden og storleiken skal ikkje overstiga 0,5 m<sup>2</sup>.

#### **Målte skilt:**

Målte skilt på fasaden skal utformast i tråd med reglane i punkta 1-4.

Slike skilt kan belysast. Slik belysning må plasserast slik at naboar, trafikantar og fasaden elles ikkje blir skadelidande.

#### **Lysskilt:**

Dersom slike skilt skal nyttast må dei utformast i tråd med retningslinene i punkta 1-4. Spesielt må ein unngå for dominerande lyskassar. Lysskilta skal skjermast slik at det berre er teksten og evt.symbolet som gjev lys.

**Markiser:**

For dei forretningane som har trong for solskjerming ved markiser skal desse strengt avgrensast til vindaugsopningane.

Ved planlegging av markiser skal desse utformast etter regelen i pkt.1. Av omsyn til trafikken, skal markisene vera foldbare.